



# FJELL KOMMUNE

Omsorgssjefen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Att. Tor Harald Rødseth

Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref.  
2017/2529-7

Vår ref.  
2017/2311 - 9626/2017

Saksb. – tlf.  
Grethe Bergsvik - 55097041

Dato  
05.04.2017

## Uttale til høyring - Ruteløyve for strekningar i Fjell - Turbuss vest AS

I mangel på tilstrekkeleg offentleg kollektivtilbod har Fjell kommune, gjennom mange år, hatt eige transporttilbod til eldre og andre som bur i bygder med særleg dårleg bussdekning. Mange eldre har ofte behov for eit meir fleksibelt transportbehov enn det vanlege kollektivreiser dekker. Fjell kommune sitt tilbod har vore innretta slik at ein mini-buss kan køyre heilt fram til husa, hjelpe dei eldre til å komme seg inn og ut av husa og hjelpe til med å bere tunge vesker. Vi har kalla tilbodet «Servicebuss for eldre». Behovet for denne forma for tilrettelegging av transporttilbod vil vere aukande for Fjell kommune i åra som kjem.

Gjennom strategien «Sjef i eige liv» legg Fjell kommune til rette for at dei eldre kan bu lengst mogeleg i eigen heim. Dette vil vi få til gjennom tett samarbeid med familie, venner, naboar, frivillige, private verksemder i tillegg til eigne helse- og omsorgsarbeidarar. Eit viktig grep i denne strategien er å tilby ulike former for aktiviteter. Særleg er det satsa på to viktige samlingar det siste året:

**Aktiv +** i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar i Sotra Arena kvar tysdag til trim, tur, foredrag, aktivitetar og felles måltid.

**Treff +** er etablert saman med Sartor Storsenter og er eit tilbod om tilrettelagt handel og ulike kulturaktivitetar for eldre kvar torsdag.

Føremålet med begge desse tiltaka å fremja dei eldre si helse, auka trivsel og styrka sosiale nettverk i alderdommen.

Turbuss Vest har vore Fjell kommune sin leverandør på «Servicebussen» sidan 2013. Vi støttar sjølvstøtt opp om søknaden deira om forlenga konsesjon på dei fem rutene som til no har vore aktuelle og som skal køyrast kvar torsdag.

I tillegg ønskjer vi at Turbuss Vest får konsesjon for ytterlegare 1 dag (tysdag) for å køyre tilsvarende ruteopplegg. På den måten får vi dekkja behovet for tilrettelagt transport til begge dei to viktige seniortilboda våre.

Føresetnad for at konsesjonane vert tekne i bruk er at Fjell kommune få på plass tilstrekkeleg finansiering av ordninga i prosjektperiode fram til og med 2019 – og til kommunane her vest vert slått saman til ein ny kommune.

Med helsing

Line Barmen  
Omsorgssjef

Vedlegg: 2

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*